

---

**Fra:** Tove Mette Fyllingen  
**Sendt:** 5. mars 2014 10:46  
**Til:** LI-Dokumentsenteret  
**Emne:** VS: Stiftinga Håkonshaugen

Regner med denne skal registreres

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Ordførar Lindås  
Sendt: 27. februar 2014 10:59  
Til: Tove Mette Fyllingen  
Emne: VS: Stiftinga Håkonshaugen

Hei hei,

Sakl denne postjournalføres??

Helsing  
May-Eva\_\_\_\_\_  
Fra: Sissel-Anny [sahjelm@online.no]  
Sendt: 26. februar 2014 23:21  
Til: Ordførar Lindås  
Emne: Stiftinga Håkonshaugen

Gode ordførar

Eg vil med dette orientera om at vedtaket som kommunestyret gjorde 21.08.2012 om å gå ut av stiftinga (sjå under), til dels var tufta på feil grunnlag. Det einaste kommunen kan vedta, seier rådgjevar i Stiftingstilsynet, sjå under, er at dei ikkje lenger vil peika ut/velja styremedlemer, slik dei har rett til etter vedtekten for Stiftinga Håkonshaugen. Vil styret oppløysa stiftinga, må det vera grunnlag for det ut frå at ein ikkje lenger kan stetta formålet i vedtekten, og det grunnlaget vil Stiftingstilsynet vurdera.

Grunnen til at eg skriv dette til deg, er at eg vil du skal vera orientert. Har fått positivt svar frå Astrid Byrknes i Oslo, om at dette var opplysande og viktig.

Eg vonar styret i Stiftinga snart vert innkalla til møte, men det tek eg opp med Jostein Hellestveit så snart eg får tid.

Venleg helsing  
Sissel-Anny Hjelmtveit

---

Fra: Sissel-Anny [<mailto:sahjelm@online.no>]  
Sendt: 20. februar 2014 12:38  
Til: 'Jostein Hellestveit'; 'astrid@b-media.no'; 'Ivar Hopland'; 's-tof@online.no'  
Kopi: 'Jan Spurkeland'; 'avisa@strilen.no'  
Emne: Stiftinga Håkonshaugen

Gode styremedlemer

Eg har i dag ringt Stiftingstilsynet om Stiftinga Håkonshaugen og om det kan koma inn nye eigarar i stiftinga etter at Lindås kommune, Strilatun og Lindås sogelag har gjort vedtak om å trekka seg ut og løysa opp Stiftinga. Svaret eg fekk frå rådgjevar i Stiftingstilsynet Karsten Karlsen Sunde var overraskande og frå mi side gledeleg:

Lindås kommune, Strilatun og Lindås sogelag er ikkje eigarar av Stiftinga, men opprettarar av Stiftinga, Dei kan peika ut styremedlemer, eller styret sjølv kan peika ut nye styremedlemer til styret. Pengar eller gåver opprettarane har ytt Stiftinga, kan ikkje krevjast attende. Dersom ikkje opprettarane vil peika ut nye styremedlemer, kan styret gjera det.

Eg meiner at med dette for auga, kan Stiftinga få ein ny sjanse til å setja Håkon den gode på kartet i Lindås kommune. Eg meiner me har mykje arbeid å gjera ikkje minst i jubileumsåret 2014 med Lindås kommune som heimen til Håkon den gode, der mor hans og kanskje dotter hans budde, og Gulatingslova med vidareføring inn i grunnlova vår. Håkon den gode er sentral også i år i dette jubileet.

Diverre har arbeidet i Stiftinga etter vedtaket i Lindås kommune 21.08.2012 vore mest kvilande. Og eg har sett at det har vore sers vanskeleg for ordførar og andre sentrale kommunale representantar å sitja i styret, då mykje av arbeidet m.a. med utvikling av området rundt Håkonshaugen, gjer at dei på ein måte kjem i ein dobbeltrolle i høve til dei kommunale verva sine. Men dette arbeidet er heilt naudsynt, etter mi mening, og var komen ganske langt i 2011 og byrjinga av 2012.

Eg er glad eg tok telefonen til Stiftingstilsynet i dag. Nokon burde teke han for lenge sidan, rådmann, kultursjef eller andre, så hadde det spart oss for mykje otte, og spart oss for eit vedtak i Lindås kommune tufta på eige skjønn og feilt grunnlag: "Styret i Stiftinga Håkonshaugen vert oppmoda om å løysa opp stiftinga i løpet av 2012. Om ikkje styret vert eining om ei styrt avvikling, vil Lindås kommune gå ut av stiftinga."

Venleg helsing  
Sissel-Anny